

SAKSFRAMLEGG

Saksbehandlar: Trond Roy Pedersen
Arkivsaksnr.: 17/57 - 3

Arkiv: B13

Planlagt behandling:

Formannskapet
Kommunestyret

VARDEHEIA UNGDOMSSKULE - GODKJENNING AV JUSTERT AVTALE MED TIME KOMMUNE

Klepp kommunestyre vedtok i sak 59/14 intensjonsavtale med Time kommune om å bygga felles ungdomsskule. Klepp sin del skulle utgjera 4/9, og Time 5/9. Utgangspunktet for denne delinga var framtidige behov. Det er lagt opp til at skulen skal ha 450 elevar.

Hovudutval for skule og barnehage vedtok 3.3.2016 å gjennomføra ei høyring om å leggja ned ungdomssteget ved Orre skule. Det var då klarert administrativt med Time kommune at Time var interessert i å ha ei lik deling av skulen, slik at elevane frå Orre skule ikkje medførte å bygga ein større skule. Som det gjekk fram av saka, ville investeringskostnadene bli auka med ca kr 11 mill viss Klepp skulle dekkja halvparten av kostnadene i staden for 4/9.

20.6.2016 vedtok Klepp kommunestyre å leggja ned ungdomstrinnet på Orre skule når Vardheia ungdomsskule står klar.

Det har blitt arbeidd ut ein justert intensjonsavtale. Her blir det i punkt 9 lagt opp til at Klepp og Time betaler ein halvdel kvar av tomt og oppføring av bygg. Avtalen følger som vedlegg. Denne må bli godkjent før Klepp kommune kan betala sin del av tomtekostnadene. Driftskostnader blir i samsvar med p 10 dekkja i forhold til elevtal.

Det er funne mykje fornminne på den aktuelle tomta, og det har vore tvil om tomta kan bli stor nok til å romma ein ungdomsskule med det tomtekravet som gjeld. Ein del av den aktuelle tomta blir bandlagt slik at det ikkje er mulig å nytta denne korkje til bygg eller uteområde. Rådmannen i Time kommune, Brit Edland, føreset at skulen skal byggast på den føreskrivne tomta slik at avtalen kan gjennomførast.

Vedlegg:

- Intensjonsavtale mellom Time kommune og Klepp kommune.
- E-post frå rådmannen i Time kommune av 4.1.2016 om stadfesting av tomta.

Innstilling:

Rådmannen tilrår at saka går til formannskapet og kommunestyret med slik tilråding:

Revidert Intensjonsavtale mellom Time og Klepp kommunar om felles ungdomsskule ved Nordlysvegen blir godkjent.

Rådmannen i Klepp 19.01.2017

Dokumentet er elektronisk godkjent og treng derfor ingen signatur.